

# Innspel til lovendringsframlegg frå styret i Noregs Ungdomslag

## Generell merknad

Det er styret i NU som står som avsendar og forslagsstillar i dokumentet der lovendringsframlegga blir presenterte. Likevel blir argumentasjonen for desse framlegga presentert under overskrifta "Tankar frå leiaren". Dette gjer at det framstår som uklart om eit samla styre faktisk står bak framlegga. Dersom styret ønsker desse endringane, bør dei òg einast om korfor og presentera ei grunngjeving dei saman kan stå inne for.

## § 9 Målbruk

Bergen ungdomslag Ervingen stiller seg svært kritisk til dei foreslåtte endringane.

Det blir slått fast i argumentasjonen som fylgjer forslaget, at nynorsken og ungdomslagsrørsla har gått hand i hand frå fyrste stund. Samstundes stiller ein spørsmål ved samanhengen mellom den frilynde ideologien og målsaka. Dette stiller me oss undrande til. Demokratisering og verdsetjing av folkeleg og lokal kultur er fundament for begge desse rørsleane - eller for begge desse sidene av det ein òg kan sjå på som ei og same rørslle. Det at ikkje alle ungdomslag har brukt eller bruker nynorsk, utelukkar heller ikkje dei tette banda NU har til nynorsken. Lokallaga i NU er svært ulike. Nokre driv med både folkedans, amatørteater, ungdomsklubb og songkor, andre med nokre av desse, og andre igjen med heilt andre ting. Det betyr ikkje at ikkje desse (og andre) aktivitetar ikkje er viktige i NU, og det vil vera urimeleg å påstå at folkedansen ikkje er ein viktig pillar for arbeidet i NU sjølv om ikkje alle lokallag driv med han.

Det blir òg vist til at nynorsken fenga dei unge i større grad for 125 år sidan enn i dag, og at han førte til auka oppslutnad og medlemsvekst. Ein kan spørja seg om det var nynorsken som hadde den effekten då ungdomslaget gjerne var ein av få møteplassar i lokalsamfunnet, men uansett synest me det er svært problematisk at ein organisasjon som NU skal basera viktige val på kva som "fenger ungdommen". Igjen kan ein bruka folkedansen som døme. Historier om køar for å komma inn på dansekvele på 70-talet, har vel dei fleste som driv med folkedans i NU fått høyra både ein og to gonger, men sjølv om folkedansen ikkje fenger ungdommen på same måte i dag, håpar me det ikkje er aktuelt å føreslå at NU skal nedprioritera han til fordel for meir populære danseformer, og avskriva han med ei formulering om "eit særleg historisk ansvar". Både nynorsken og folkedansen er levande kulturobjekt - ikkje museumsgjenstandar. Det er òg verd å merka seg at Noregs Mållag passerte 15.000 medlemmer i haust, og har nå det høgaste medlemstalet sidan 1987.

For NU sentralt skal nynorsken òg ha vore ein hemsko, særleg i arbeidet med å rekruttera nye lag i bokmålsdominerte område. Lokallaga i NU står i dag fritt til å bruka det skriftspråket dei ønsker, og både i den gjeldande § 9 og i forslaget til ny § 10 ligg det formuleringar om ei plikt til å verna om det språklege mangfaldet i Noreg. Me stiller oss tvilande til at lag som er så sterke motstandarar av nynorsk at dei ikkje aksepterer å få informasjon frå sentralledet på dette

språket, vil kunna akseptera ei lov som seier at dei må verna om det. For ein medlemsorganisasjon som NU, vil det å rekruttera lag og medlemmar alltid vera eit mål, men dersom ein i iveren etter å rekruttera nye, gjev slepp på for mykje av identiteten sin, risikerer ein òg å støyta ifrå seg ein del av dei medlemmane ein alt har.

Me har òg fått høyra at nynorsken skal ha vore til hinder for tilsetjingsprosessar på NU-kontoret. Me meiner at dersom ein verkeleg er motivert for å jobba i ein kulturorganisasjon, vil ikkje nynorsken vera det som hindrar ein - iallfall ikkje dersom arbeidsgjevar har ei offensiv haldning og tilbyr språkopplæring og rettleiing.

Nynorsk er eit minoritetsspråk i Noreg, og utan ei formulering som slår fast at tenestemålet i NU sentralt skal vera nynorsk, vil nynorsken bli brukt mindre. Det er eit langt tydelegare signal å ha ei lov som slår fast at det skal vera slik, enn det vil vera å ha ein språkbruksplan. Ein språkbruksplan vil òg lettare kunna endrast, ettersom det ikkje vil vera krav om  $\frac{2}{3}$  fleirtal på eit landsmøte.

Bergen ungdomslag Ervingen føreslår følgande formulering:

### § 9 Språkbruk

1. Tillitsvalde og tilsette, lag og lagsbruk i Noregs Ungdomslag pliktar å fremja det norske språk- og dialektmangfaldet. Noregs Ungdomslag har eit særleg ansvar for å verna om den nynorske skriftkulturen.
2. Tenestemålet i Noregs Ungdomslag sentralt er nynorsk.

## § 10 Rusgifter

Bergen ungdomslag Ervingen stiller seg òg kritisk til nokre av dei foreslåtte endringane i § 10.

Me kan vera med på at det er på tide å byta ut ordet "rusgift", og me synest forslaget til nytt ledd 3 er godt og viktig.

Me er derimot kritiske til forslaget om å opna for alkohol på sentrale tilskipingar i NU. Per i dag er dei viktigaste sentrale tilskipingane i NU Sommarleiren og landsmøtet. Målgruppa for sommarleiren er ungdom mellom 13 og 25 år, noko som gjer det uaktuelt å opna for alkohol der. Når det gjeld landsmøtet, har ein stemmerett i organisasjonen frå ein er 14, så om ein skulle opna for alkohol på landsmøtefestar, legg ein opp til at ikkje alle utsendingane kan vera med.

Det er riktig at tidlegare AlkoKutt nå heiter Av-og-til, men å tolka det som at ein i alle samanhengar bør opna for alkohol av og til, synest me er å dra det langt. Det finst alkohol på så mange andre arenaer i samfunnet at det er viktig med organisasjonar som tar eit tydeleg standpunkt og dermed tilbyr samanhengar der det er naturleg å møtast utan alkohol.

Det er òg viktig å ikkje ta for gjeven den trygge samværskulturen i NU. Det at ingen er betre enn oss på trygge møteplassar, er ein påstand me vanskeleg kan sjå at me har dekning for. NU er gode på trygge møteplassar, mellom anna nettopp fordi dei sentrale tilskipingane er rusfrie, men

det betyr ikkje at møteplassane våre er perfekte og 100 % trygge for alle til ei kvar tid, så ein kan aldri kvila på laurbæra. Opnar ein for alkohol på desse tilskipingane, vil dei for nokre kjennast mindre trygge

Det blir argumentert med at alkoholpolitikken til NU har gjort det vanskeleg å samarbeida om ulike arrangement. Dette finst det løysingar på som ikkje inneber å gå vekk frå at sentrale NU-tilskipingar skal vera rusfrie. Då Nordleik blei arrangert i Stavanger i 2000, sikra eit samarbeid med Noregs Bygdeungdomslag at ein kunne ha nokre arenaer med alkoholservering. Me synest ikkje det vil vera riktig å gå vekk frå eit så viktig prinsipp som alkoholfrie sentrale tilskipingar for eit stemne som blir arrangert i Noreg kvart 12. år. Når det gjeld samarbeid med Folkorg, står lokallag i NU fritt til å arrangera det dei vil, både med og utan alkohol.

Bergen ungdomslag Ervingen føreslår følgande formulering:

#### § 10 Trygg samværskultur

1. Noregs Ungdomslag skal arbeide aktivt for å skape ein attraktiv og rusfri samværskultur for alle.
2. Alle tilskipingar på sentralt plan skal vera rusfrie.
3. Styret i Noregs Ungdomslag vedtek etiske retningslinjer som gjeld for heile organisasjonen, og peikar årleg ut to verneombod for Noregs Ungdomslag.

Helsing

Bergen ungdomslag Ervingen